



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 19. oktober 2015 kl. 19.00-21.00.

Neste møte: Måndag 16.11. kl. 18.00.

Stad: Syltøran

Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Einar Bergheim
Vidar Ulvestad
Svein Dalen
Arne Øie
Erling Fiske
Merete Mogstad (for Stian Faksnes)
Øystein Hjelle Bondhus
Ellbjørg Haugen Larsen

Forfall: Ingen.

Sakliste:

Sak 30/15 Godkjenning referat

Godkjent med ein merknad:

- Orienteringssaker og open post står med same saksnummer (28). Open post skal ha saksnummer 29/15.

Sak 31/15 Forlenging av arbeidsforhold Dagleg leiar

Idrettslaget har no hatt dagleg leiar i full stilling i snart to kalenderår. Erfaringar og tankar vart gjennomgått og stillinga evaluert ved ein runde rundt bordet. Første del av evalueringa vart behandla med dagleg leiar til stades, andre del vart behandla utan dagleg leiar til stades.

Merknader:

- Dagleg leiar-stillinga er nok kommen for å bli.
- Gruppene opplever det å ha dagleg leiar som noko positivt.
- Det kan vere aktuelt at fotballgruppa har ein noko større del av stillinga enn den 50-50-modellen som ligg i den midlertidige arbeidsavtalen.

Forslag til vedtak:



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

1. Surnadal Idrettslag forlenger arbeidsforholdet med dagleg leiar Øystein Hjelle Bondhus utover den opprinnelige arbeidsavtalen sitt utløp 31.12.2015.
2. Styreleiar Ola Mogstad får mandat til å signere ny arbeidsavtale gjeldande frå og med 1.1.2016. Den nye avtalen skal gjelde fast tilsetting i 100 prosents stilling.
3. Stillinga skal frå 1.1.2016 finansierast 60 prosent av SIL Fotball og 40 prosent av SIL Hovudlaget. Hovudlaget sin del finansierast av medlemskontingent og ein prosentdel av idrettslaget sine totale sponsorinntekter.

Vedtak:

- 1. Surnadal Idrettslag forlenger arbeidsforholdet med dagleg leiar Øystein Hjelle Bondhus utover den opprinnelige arbeidsavtalen sitt utløp 31.12.2015.**
- 2. Styreleiar Ola Mogstad får mandat til å signere ny arbeidsavtale gjeldande frå og med 1.1.2016. Den nye avtalen skal gjelde fast tilsetting i 100 prosents stilling.**
- 3. Stillinga skal frå 1.1.2016 finansierast 60 prosent av SIL Fotball og 40 prosent av SIL Hovudlaget. Hovudlaget sin del finansierast av medlemskontingent og ein prosentdel av idrettslaget sine totale sponsorinntekter.**

Sak 32/15 Lønn Dagleg leiar

Saka vart behandla utan dagleg leiar til stades.

Styreleiar Ola Mogstad la fram forslag, med bakgrunn i gjennomført lønnssamtale.

Forslag til vedtak:

Dagleg leiar si lønn vert oppjustert med to (2) prosent. Justeringa gjeld frå og med mai 2015.

Vedtak: Dagleg leiar si lønn vert oppjustert med to (2) prosent. Justeringa gjeld frå og med mai 2015.

Sak 33/15 Fordelingsnøkkel 2015

Det utsendte saksframleggget vart gjennomgått.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Vedtak:

1. Fordelingsnøkkelen 2015:

Gruppe	%
Fotball	30
Handball	17
Langrenn	17
Alpint	14
Friidrett	6
Barneidrett	5
Bueskyting	4
Innebandy	3
Trim	2
Volleyball	2
Turn	0
TOTALT	100

2. Ein komité bestående av Vidar, Ellbjørg og ein representant frå Allidretten jobbar med å finne kriterier som skal leggast til grunn når framtidige fordelingsnøklar skal vedtakast.

Sak 34/15 Organisasjonsprosess SIL

- Utkast Organisasjonsplan

Det vart orientert om arbeidet og bakgrunnen for at vi jobbar med ny organisasjonsplan. Utkastet vart gjennomgått - arbeidsutvalet tek inn endringsforslag og andre merknadar frå styret. Gjennomgangen vart avslutta på side 7, resten vert gjennomgått på eit seinare møte.

Sak 35/15 Orienteringssaker

- Fellesmøte i Surnadal Idrettsråd 21.10.

LAM-midlane skal fordelast på eit fellesmøte i idrettsrådet onsdag 21.10. Øystein og Einar stiller frå SIL.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

- Budsjett 2016

Det vart minna om fristen for innsending av budsjett, som er 15.11.

- Styremøte i Surnadal Alpinsenter 19.10.

Ola informerte om status i Surnadal Alpinsenter.

- Purka verneområde

Svein skal ha befaring saman med fylkesmannen 4. november, og håpar å få reforhandla ferdig avtalen med SIL.

- Spelemiddelsøknader

Det er søkt om spelemidlar for lysanlegget på Amfi Park og for tidtakar- og serviceboda i Sæterlia. Førstnemnde er fornøya, den andre søknaden er ny av året.

Sak 36/15 Open post

Ingen saker.